



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Jon Olav Helland
Hellandsvegen 267
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2954 - 14/11911

Saksbehandlar:
Toril Marie Mulen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
03.11.2014

Landbrukssak Gbnr 38/13 Helland - søknad om konsesjon - vedtak i sak om konsesjon

Delegasjonssak nr.:

Vi viser til søknad om konsesjon for gnr/bnr 38/13 Helland i Radøy kommune frå Jon Olav Helland dagsett 10.10.2014. Jon Olav Helland eig i dag gnr 38, bnr 18, 21, 62, 63 og 77 i Radøy kommune. Søklar om konsesjon har landbrukseigedom i aktiv drift.

Arealet det vert søkt om konsesjon for er til saman 64 daa fordelt på 11 daa dyrka jord, 26 daa beite og 27 daa anna areal. Føremålet med søknad om konsesjon er å bruke arealet som tilleggsjord til eigen landbrukseigedom. Jorda det vert søkt om konsesjon for er tidlegare søkt om og innvilga deling, der eigar Helge Dragøy overtek storparten av landbrukseigedommen (gnr/bnr 36/7) , og denne delen av jorda (gnr/bnr 38/13) vert selt som tilleggsjord til gardsbruk i aktiv drift. Jon Olav Helland søkjer konsesjon for landbrukeigedom utan våningshus og utan driftsbygningar.

Ved kjøp av jord utan bygningar som tilleggsjord skal ein foreta prisvurdering i handsaminga av søknad om konsesjon.

Føremålet med kjøpet er framleis LNF-føremål.

Søknad om konsesjon skal handsamast etter Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom, LOV 2003-11-28 nr 98. Det skal leggjast særleg vekt på fem punkt ved handsaming av konsesjon, jf § 9.

1. om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling
2. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området
3. om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning
4. om erververen anses skikket til å drive eiendommen
5. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet

Om ervervar sitt formål vil ivareta omsynet til busetjinga i området
Formålet med kjøpet er å nytte jorda som tilleggsjord til eigen landbrukseigedom i drift. Det er ikkje våningshus på jorda det vert søkt konsesjon for. Vi skal i konsesjonsspørsmålet i denne saka ikkje vurdere dette punktet

Om ervervet er ei driftsmessig god løysing
Tilleggsjorda ligg i overkommeleg avstand til driftssenteret til kjøpar. Det vil vera ei driftsmessig god løysing for garden å kjøpe tilleggsjorda av di den arronderingsmessig ligg lageleg til for føremålet. Søkjar om konsesjon haustar arealet i dag. Arealet er ein viktig del av driftsgrunnlaget for mjølke- og stofeproduksjonen til søkjar i dag. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervar er skikka til å drive eigedomen
Kjøpar har drifta gnr 38, bnr 18, 21, 62 og 63 i Radøy kommune sidan 1991. Radøy kommune har ikkje opplysningar som skulle tilseie noko anna enn at søkjar er skikka til å drive jorda på ein god måte. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervet ivaretek omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet
Radøy kommune finn at kjøpet vil ivaretake omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Verdivurderinga for tilleggsjorda vert av sakshandsamar i kommunen sett til 115 600 kr. Avtala kjøpesum er 150 000 kr.

Ved vurdering av konsesjonsspørsmålet skal ein mellom anna vurdere om den avtalte prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling. Den avtala prisen er no innanfor det som kan akseptast for kjøp av landbruksareal, når det kun er jord utan bygningar, og jorda skal brukast som tilleggsjord. Ein kan akseptere inntil 50 % meir enn verdivurderinga, i konsesjonsspørsmålet når det gjeld tilleggsjord. Vi viser til meir utfyllande beskriving av korleis pris skal vurderast i rundskriv M 3/2002. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Rådmannen finn ein kan gje konsesjon til Jon Olav Helland for kjøp av landbrukseigedom gnr/bnr 38/13 i Radøy kommune.

Vedtak:

Med heimel i konsesjonslova §9 gjev Radøy kommune konsesjon for kjøp av eigedom gnr/bnr 38/13 i Radøy kommune til søkjar Jon Olav Helland.

Vilkår:

Det vert sett som vilkår at landbrukseigedommen gnr/bnr 38/13 vert tilføyd landbrukseigedommen gnr 38, bnr 18, 21,62, 63 og 77. Heimel for vilkår er Konsesjonslova § 11.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b
Dersom du har spørsmål i saka, ta kontakt leiar Felles landbrukskontor Toril Marie Mulen.*

Med helsing

Torill Marie Mulen
leiar

Toril Marie Mulen
leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Jon Olav Helland

Hellandsvegen 267 5936

MANGER